



Austevoll kommune

Møteprotokoll

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 27.04.2010

Møtetid:

Kl. 15:00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saknr.:

041/10 - 068/10

Følgjande medl. møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	FRP	Grete Hammervold	FRP
Jostein Blænes	”	Lars Ove Møgster	H
Renate Møgster Klepsvik	”	Øystein Rabben	”
Helge Otterå	”	Ingolv Skumsnes	SP
Ronald Persen	”	Cesilie Øxnes	KRF
Kjetil Østervold	”		
Olav Njåstad	”		
Øystein Østervold	”		
Julie Eide Solbakken	H		
Kurt Frank	”		
Olav O. Østervold	”		
Jane K. Stangeland	AP		
Ove Fagerbakke	”		
Andreas Risøy	”		
Ingrid Vågen Duesund	SP		
Torfinn Grav	KRF		

Forfall frå følgjande medl.:	Parti	
Narve Møgster	FRP	
Ingunn Berge Vik	H	
Arne Kalve Klepsvik	”	
Edvard Johannes Stangeland	SP	
Christian Halstensen	KRF	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møtte:	Rådmann Rolf Nøstdal, skulesjef Liv Maragareth Østervold, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar Osk Astrid N. Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Tilleggssaker: 067/10 – tilleggsløyving pleie- og omsorg, 068/10 – søknad om kjøp av tilleggsareal til bustadtomt. Dok. 2 til sak 044/10 – referatsaker + vedtak gjort i eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og arbeidsmiljøutvalet.
Merknader:	Merknad frå Jane Stangeland at det vert lagt fram tilleggssaker av
Innkalling:	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Julie Eide Solbakken

Olav Njåstad

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
041/10	Godkjenning av møtebok kommunestyre 2010
042/10	Underskriving av møteboka
043/10	Politisk kvarter
044/10	Referatsaker
045/10	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2010
046/10	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.04.2010
047/10	Årsmelding frå kontrollutvalet for 2009
048/10	Rapport etter prosjekt innan selskapskontroll - forvaltning av eigarskap i Austevoll kommune
049/10	Val av revisor
050/10	Investeringsrekneskap Austevollshallen
051/10	Investeringsrekneskap Austevoll kunstgrasbane
052/10	Investeringsrekneskap Bekkjjarvik kunstgrasbane
053/10	Investeringsrekneskap Hundvåkøy kunstgrasbane
054/10	Skatteinnngongen februar/mars 2010
055/10	Rekneskapsrapport mars 2010
056/10	Situasjonen for legetenesta i Austevoll, no og i framtida
057/10	Tilskotsordning: Lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid
058/10	Helsesøstertenesta
059/10	Skulefritidsordning i Austevoll kommune hausten 2010.
060/10	Kulturbudsjettet - fordeling av faste tilskot og tilskot etter søknad
061/10	Gebyr etter ny matrikkellov - rabatt for større prosjekt
062/10	Lokalsamfunnsutvikling 2008 - lyssetting
063/10	Feie- og tilsynstenesta - Leasing avtale Kverneland Bil as
064/10	Endring av navn på Storebø pleie- og omsorgsenter
065/10	Kommuneplan - arealdelen - rullering 2010
066/10	Førebels føresegn - køyring med vass-scooter i Austevoll kommune. Nytt forslag til transportkorridor og oppvisningsområde
067/10	Tilleggsøyving pleie og omsorg
068/10	Søknad om kjøp av tilleggsareal til bustadtomt

041/10: Godkjenning av møtebok kommunestyre 2010

Vedtak:

Møteboka frå kommunestyremøte 23. mars 2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

042/10: Underskriving av møteboka

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordførar vert valde:

Julie Eide Solbakken og Olav Njåstad

043/10: Politisk kvarter

Handsaming i møtet:

Ordføraren orienterte om:

Musikkbinge på Storebø – tilskot frå staten på kr. 225.000,-.

Samarbeid med Sunnhordland museum bl.a. om Hufthamartunet og båtbyggjerprosjekt (vil bli lagt fram sak til kommunestyre).

Friluftsliv – Austevoll kommune har fått tildelt 3 blåe bøyer i regi av KNMF (Spissøy, Skår og Nordre Navågen) som kan nyttast av fastbuande og turister til fortøyning av båter.

Friluftsområde Sveholmen/Spissøy er i gjenge.

Turlag/folkehelse – kommunalt initiativ. Er blitt eit flott tiltak grunna private ildsjeler.

Barnehage – ny forskrift på høyring, kommunestyresak i junimøte.

Behov for fleire barnehager, dialog med aktører som vil samarbeide/etablere seg i kommunen.

Mål – tilby alle plass i barnehage i nærområde.

Bakkasundsplanen

Planen vil bli handsama i planutvalet 11. mai 2010, evt. lagt ut på høyring, deretter handsaming i kommunestyre etter høyring.

Spørsmål frå Jane Stangeland:

Aktivitørstilling og aktivitetstilbodet ved sjukeheimane. Kva tid blir dette tilbodet gjenoppretta.

Svar frå rådmannen:

Aktivitørstillinga i den form den var er lagt ned. Det vil bli fast stilling på sjukeheimen som aktivitør og denne vil bli organisert/sydd saman av leiar på sjukeheim og innehaver av stillinga.

Spørsmål frå Julie Eide Solbakken:

Kan Austevoll kommune arrangera ein dag der alle lag og organisasjonar kan få presentera kvad ei driv med.

Dagen kan til dømes arrangerast i Austevollshallen. Det blir ein open dag for alle innbyggjarane i kommunen.

Svar frå rådmannen:

Positivt innspel som administrasjonen vil sjå på.

Spørsmål frå Helge Otterå:

Det er plasser fleire ladestasjonar for el-bilar i kommunen. Har vegkontoret planer om å skilte dette langs hovudvegane i kommunen.

Svar frå rådmannen:

Administrasjonen vil ta saka opp med vegkontoret.

Spørsmål frå Jostein Blænes:

For ei tid tilbake var det nevnt at kommunen var i dialog med Kystverket om å kjøpe eit område i Stolmavågen for å få sletta klausuler i området. Kan det bli fortgong i den saka?

Svar frå ordføraren:

Kommunen er i dialog med Kystverket om å kjøpa moloen slik at klausuler/restriksjoner kan opphevast . Det er eit problem i dag for dei som ønskjer å nytta seg av vågen innanfor moloen til fiskerihavn. Dei som evt. kan få nytta seg av området dersom kommunen får overta bør bidra i spleiselaget.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

044/10: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

045/10: Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 11.03.2010 til orientering.

046/10: Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.04.2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 07.04.2010 til orientering.

047/10: Årsmelding frå kontrollutvalet for 2009

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2009.

048/10: Rapport etter prosjekt innan selskapskontroll - forvaltning av eigarskap i

Austevoll kommune

Handsaming i møtet:

Jostein Blænes overtok som setteordførar medan Helge Andre Njåstad var på talarstolen.

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

”Austevoll kommunestyre viser til at Austevoll har relativt få selskap kommunen er medeigar i. Etter kommunestyret sitt syn er kommunen sitt system for eigarskapskontroll tilfredstillande. På den bakgrunn vil ikkje kommunestyre prioritere tidsbruk og løyving til ein slik gjennomgang nå.”

Det vart røysta over tilrådinga frå kontrollutvalet og framlegg frå FRP.

Framlegget vart vedteke med 14 mot 7 røyster (Julie Eide Solbakken, Kurt Frank, Lars Ove Møgster, Olav O. Østervold – Høgre. Jane K. Stangeland, Ove Fagerbakke og Andreas Risøy – Arbeiderpartiet).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre viser til at Austevoll har relativt få selskap kommunen er medeigar i. Etter kommunestyret sitt syn er kommunen sitt system for eigarskapskontroll tilfredstillande. På den bakgrunn vil ikkje kommunestyre prioritere tidsbruk og løyving til ein slik gjennomgang nå.

049/10: Val av revisor

Handsaming i møtet:

Sak 049/10 vart handsama etter sak 056/10.

Kari Nygård frå Hordaland fylkeskommune, sekretariat for kontrollutvalet, orienterte i møte om konkurranseprosessen av revisjonstenester for ny avtaleperiode.

Framlegg frå FRP v/Jostein Blænes:

”Austevoll kommunestyre send saka tilbake til kontrollutvalet for ny vurdering.

Kommunestyret ber kontrollutvalet vurdere å bruke anna kompetent miljø til også vurdere dei ulike selskapa opp mot kvarande i forhold til dei kriteria som er nytta i anbudsgrunnlaget.”

Det vart først føreteke prøverøysting der tilrådinga frå kontrollutvalet fekk 12 røyster og framlegget frå FRP fekk 9 røyster (FRP).

Det vart deretter røysta over kontrollutvalet si tilråding og framlegget frå FRP. Tilrådinga frå kontrollutvalet vart vedteke mot 9 røyster (FRP).

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vel Deloitte AS som revisor frå 01.07.2010 til 30.06.2014 med opsjon for Austevoll kommune til forlengje avtalen med 2 år.

050/10: Investeringsrekneskap Austevollshallen

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Austevollshallen.

051/10: Investeringsrekneskap Austevoll kunstgrasbane

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Austevoll kunstgrasbane.

052/10: Investeringsrekneskap Bekkjjarvik kunstgrasbane

Vedtak:

Austevoll kommune godkjenner rekneskapen Bekkjjarvik kunstgrasbane.

053/10: Investeringsrekneskap Hundvåkøy kunstgrasbane

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Hundvåkøy kunstgrasbane.

054/10: Skatteinngongen februar/mars 2010

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka

055/10: Rekneskapsrapport mars 2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter mars 2010 til orientering

056/10: Situasjonen for legetenesta i Austevoll, no og i framtida

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommune skal ha ein legebemanning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at når ein kjenner til innhaldet i samhandlingsreformen og nytt senter er planlagt og bygd skal kommunen ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter. Fram til dette skal kommunen framleis ha legekontor i Bekkjarvik og på Storebø.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidsretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møta i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.”

Framlegg frå SP v/Ingrid Vågen Duesund:

”Austevoll kommune skal ha ein legebemanning slik at den normale vaktbelastning er 5-delt vakt. Det skal tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 underføresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt kan ha eit helsesenter. Plasseringa vert å koma attende til når samhandlingsreformen er på plass.

Austevoll kommunestyre må sjå på ein struktur der ein har eit legekontor i Bekkjarvik og eit på Storebø.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som på sikt kan arbeida med dette.

Austevoll kommunestyre gjer prinsippvedtak om å privatisere legane og ber rådmannen koma attende med konkret sak om det.”

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding som ikkje fekk røyster og falt.

Det vart deretter røysta over Senterpartiet sitt framlegg som fekk 3 røyster (Ingrid Vågen Duesund, Ingolf Skumsnes – Senterpartiet. Øystein Rabben – Høgre).

Til slutt vart det røysta over Framstegspartiet sitt framlegg som fekk 19 røyster og vart vedteke. 2 røysta mot (Ingrid Vågen Duesund og Ingolf Skumsnes – SP).

Vedtak:

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at når ein kjenner til innhaldet i samhandlingsreformen og nytt senter er planlagt og bygd skal kommunen ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter. Fram til dette skal kommunen framleis ha legekantor i Bekkjarvik og på Storebø.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidsretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møte i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.

057/10: Tilskotsordning: Lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommunestyre søker Helsedirektoret om tilskottsmidlar til lokalmedisinske sentra i tråd med skisse utarbeida av administrasjonen.

Kommunestyret vil koma attende til finansiering av egenandelen til kommunen og vidare organisering av prosjektet herunder nedsetting av styring- og prosjektgruppe når kommunen kjenner til nivået for tilskottet.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå FRP. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre søker Helsedirektoret om tilskottsmidlar til lokalmedisinske sentra i tråd med skisse utarbeida av administrasjonen.

Kommunestyret vil koma attende til finansiering av egenandelen til kommunen og vidare organisering av prosjektet herunder nedsetting av styring- og prosjektgruppe når kommunen kjenner til nivået for tilskottet.

058/10: Helsesøstertenesta

Handsaming i møtet:

Kjetil Østervold fekk permisjon under handsaming av sak 058/10.

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

”Austevoll kommune vil oppretthalda drifta av helsesøstertenesta ut året. Me tek oppatt saka i budsjett 2011. Pengane vert henta frå reservepotten.”

Tilleggsframlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

”Austevoll kommunestyre ber om at helsesøstertenesta held fram med faste trefftider på Austevoll ungdomsskule.”

Det vart først røysta over Høgre si tilråding som fekk 8 røyster og falt (Høgre og AP). Deretter vart det røysta over rådmannen sin tilråding og tilleggsframlegg frå FRP som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommestyre tar saka til orientering.

Austevoll kommunestyre ber om at helsesøstertenesta held fram med faste trefftider på Austevoll ungdomsskule.

059/10: Skulefritidsordning i Austevoll kommune hausten 2010.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken om at pkt. 2 går ut.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding:

Pkt. 1 – samrøystes vedteke

” 2 – vart vedteke mot 8 røyster (Høgre og AP)

” 3 – samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at det blir SFO ordningar på Storebø og Selbjørn skule til om lag kr 1 075 000.
2. Kommunestyret vedtek framlegget til nye vedtekter for SFO ordningane i Austevoll kommune.
3. Kommunestyret vedtek at det blir løyvd kr 75 000 for å fullfinansiere SFO ordningane ved Storebø og Selbjørn skule. Pengane vert overført frå reserveposten.

060/10: Kulturbudsjettet - fordeling av faste tilskot og tilskot etter søknad

Handsaming i møtet:

Endringsframlegg frå FRP v/Øystein Østervold:

”Stryk vekk vedlikehald ASV. Idrettslagene tar vedlikehaldsfordelinga sjølv, på 120.000,- kr. Kordan desse skal fordelast mellom idrettslagene og kven som utfører vedlikehaldet.”

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

”Fordeling av faste tilskot:

Løn til sekretær i Austevoll musikkråd - årleg kr. 28.000,-, pengane vert teke frå liv og lyst prosjektet.”

Oversendelsesframlegg frå AP v/Jane Stangeland:

Tillegg til pkt. 3:

”Kr. 300.000,- som i hovudsak er tiltenkt barne- og ungdomsaktiviteter. Midlane blir fordelte etter søknad og etter nokre fastlagde kriterium.”

Det vart først røysta over endringsframlegg frå Øystein Østervold som vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Høgre fekk 7 røyster og falt (Høgre og SP).

Det vart røysta over pkt. 1/ 2 som vart samrøystes vedteke.

Deretter pkt. 3 som vart samrøystes vedteke.

Oversendelsesframlegget frå AP vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert sett av eit fast årleg tilskot til følgjande:

Liv og lyst prosjektet/Ymse	Kr	184 000	Løn til prosjektleiar, og ymse arrangement
Bergen og Omland Friluftsråd	Kr	58 400	Kontingent 4 gangar årleg (2010: kr 14619 pr gang)
Austevoll ASV	Kr	20 000	Tilskot gitt for å finansiera "Ung jobb".
Austevoll Røde kors (Bygdakino)	Kr	20 000	Husleigetilskot på kr 1800.- pr gang til leige av kultursal til framvisning film (2010 tal). Jmf formannskapssak.
Austevoll idrettråd	Kr	22 700	Årleg utbetaling gitt Idrettsrådet som fordeler midlane til alle medlemmane. Midlane er øyremerka trenaropplæring.
Kulturpris	Kr	10 000	Årleg utdeling etter forslag frå innbyggjarane i Austevoll. Vedtak i formannskapet.
Ungdommens kulturmønstring, UKM	Kr	25 000	
Hundvåkøy idrettslag, Selbjørn idrettslag, Austevoll idrettsklubb	Kr	120 000	Idrettslagene tar vedlikehaldsfordelinga sjølv, på 120.000,- kr. Kordan desse skal fordelast mellom idrettslagene og kven som utfører vedlikehaldet.
Austevoll idrettsanlegg, eldre del.	Kr	58 300	Straumutgifter og renovasjon til Austevoll idrettsanlegg og klubbhuset. Parkeringsplass ungdomsskule vert lyssett frå desse.
Austevollhallen	Kr	312 600	Straum og noko vedlikehald/reinhaldsartiklar til Austevollhallen. Symjebassenget ved Austevoll ungdomsskule vert varma opp av anlegget i Austevollhallen.
Storekalsøy museum	Kr	29 000	Utbetalt driftstilskot med kr 2417,- kr pr månad.
Storebø gamle skule	Kr	6 000	Utbetalt driftstilskot med kr 6000,- kr pr år.

Tilskota kan kome til å variere grunna budsjettssituasjon/ auke i driftsutgifter m.m.

2. Det setjast av kr 30.000 på budsjett 2010 til vedlikehalda av løpebane på Austevoll idrettsanlegg.

3. Kr 300 000 fordelt etter søknad til Austevoll kommune.

Oversendelsesframlegg frå AP v/Jane Stangeland:

Tillegg til pkt. 3:

Kr. 300.000,- som i hovudsak er tiltenkt barne- og ungdomsaktiviteter. Midlane blir fordelte etter søknad og etter nokre fastlagde kriterium.

061/10: Gebyr etter ny matrikkellov - rabatt for større prosjekt

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer formannskapet fullmakt å gje rabatt på større prosjekt der ein oppnår stordriftsfordeler med å gjennomføre alt i ein eingong framfor stykke vis og delt over mange år. Dette er samfunnsmessig fordel og difor kan formannskapet gje lågare samla gebyr.

062/10: Lokalsamfunnsutvikling 2008 - lyssetting

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert bevilga kr 300.000.- for vidare utbygging av parken på Storebø og andre tilhøyrande areal som er kommunen sin eigedom på Storebø. Midlane skal nyttast til vidare utvikling av leikeområdet, til gangstiar, belysning og beplantning i området. Beløpet belastast investeringsfondet.

063/10: Feie- og tilsynstenesta - Leasing avtale Kverneland Bil as

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at kr 100 000,- frå budne driftsfond vert nytta til forskotsbetaling på leasing avtale med Kverneland Bil as.

064/10: Endring av navn på Storebø pleie- og omsorgsenter

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at ein i samband med samanslåing av sjukeheimane, gjer det nye tilbodet namnet Austevoll pleie- og omsorgsenter.

065/10: Kommuneplan - arealdelen - rullering 2010

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer i medhald av plan- og bygningslova § 11-12, vedtak om å gjennomføre planprosess med sikte på å revidere kommuneplanen si arealdel med føresegnar og retningslinjer, med spesiell vekt på strandsona og sjøområda.

Administrasjonen vert bede om å leggja fram for kommunestyret, forslag til planprogram etter reglane i §§ 11-13 og 4-1.

Då det i den nye plan og bygningslova skal vera tettare kopling mellom samfunnsdel og arealdel i kommuneplanen vert rådmannen bedt om å også legge fram sak til kommunestyret om rullering av samfunnsdelen.

066/10: Førebels føresegn - køyring med vass-scooter i Austevoll kommune. Nytt forslag til transportkorridor og oppvisningsområde

Vedtak:

Austevoll kommune har vurdert merknadane/ svara til uttalepartane, og vedtek førebels føresegn- køyring med vass-scooter i Austevoll kommune med dei endringane som no ligg føre. Området vil verte teke med i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen under rulleringa.

Bakgrunn:

Formannskapet handsama sak om førebels føresegn- køyring med vass-scooter i Austevoll kommune, i møte den 19.11.09.

Etter uttalefrista gjekk ut, kom det merknader frå følgjande:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Fiskeridirektoratet, reg. vest
- Sjøfartsdirektoratet – ingen merknad
- Kystverket Vest

- Austevoll Idrettsråd
- Styret i Austevoll Seglforening
- Lensmannen i Austevoll

Følgjande endringar er gjort:

Punkt 2 i føresegna: Det føreslegne oppvisningsområdet er flytta til eit stykke nord for Indreholmen, sjå vedl. kartskisse.

Punkt 3 i føresegna: Transportkorridor. Det er sett av 1 slik korridor. Denne går frå Makkhamn og kortaste vegen langs landet, og til øvingsområdet. Sjå vedl. kartskisse.

Punkt 4 i føresegna: Som eit siste avsnitt vert det teke med: ” *All bruk av øvingsområdet, transportkorridoren og oppvisningsstaden krev løyve frå kommunen, jfr. punkt 6.* ”
Kommunen vil dermed sørge for at det ikkje føregår vass-scooterkøyring i tidsrommet når det vert arrangert NM eller KM i regi av Austevoll Seilforening.

Punkt 5 i føresegna: Her vil vi etterkomme lensmannen sitt ynskje: ” *På søndagar og andre heilagdagar vert det ikkje tillete køyring mellom kl. 06.00 og 13.00.* ”

Det vert samstundes presisert i forenkla tekst: ”*Eit løyve gjeld for ein scooter, og vert gjeve for eit år av gangen. Ein klubb kan t.d. søkje om fleire løyve samstundes, men også her er det krav at løyva gjeld i eit år.*”

Når det gjeld innvendingane frå Austevoll Idrettsråd og Austevoll Seglforening meiner kommunen at eit samarbeid mellom dei ulike aktørane innan idretten er rette vegen å gå. Ved å ha ein open kommunikasjon mellom laga, så slepp ein ein konfliktar som Austevoll Seglforening skisserar i sitt svarbrev til kommunen.

067/10: Tilleggsløyving pleie og omsorg

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjev pleie og omsorg ei tilleggsløyving på inntil kr 650.000,- for å kunne oppretthalde forsvarleg drift av heimetenestene og sjukeheimane i kommunen. Pengane vert henta frå reservepotten. Rådmannen får fullmakt til å fordele beløpet.

068/10: Søknad om kjøp av tilleggsareal til bustadtomt

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

”Austevoll kommunestyre vedtek at Jofrid Kalve og Bernt Ove Sæle får kjøpa omsøkt areal + 5 meter (munnleg fremma ønskje) tilleggsareal til bustadtomt gnr. 28 bnr. 50 i Haugavikneset bustadområde. Kommunestyret understreker at salet ikkje endrar reguleringsplanen og evt. krav om endringer må takast av kjøpar. Men sidan bustadhuset framleis skal plasserast på område avsett til bustadhus i reguleringsplanen finn ikkje kommunestyret at planendring er naudsynt.”

Det vart røysta over tilrådinga frå rådmannen og framlegget frå FRP, framlegget vart samrøystes vedtek.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at Jofrid Kalve og Bernt Ove Sæle får kjøpa omsøkt areal + 5 meter (munnleg fremma ønskje) tilleggsareal til bustadtomt gnr. 28 bnr. 50 i Haugavikneset bustadområde. Kommunestyret understreker at salet ikkje endrar reguleringsplanen og evt. krav om endringer må takast av kjøpar. Men sidan bustadhuset framleis skal plasserast på område avsett til bustadhus i reguleringsplanen finn ikkje kommunestyret at planendring er naudsynt.